

Nasjonale prøver

Lesing 5. steget
Eksempeloppgåve 1



Lundefuglnettene

av Bruce McMillan

Kvart år besøker svarte og kvite fuglar med oransjefarga nebb den islandske øya Heimøy. Desse fuglane blir kalla lundefuglar. Dei går også under namnet "sjøpapegøyar" på grunn av dei praktfulle nebba og dei klossete rørslene. Lundefuglane er klossete når dei skal ta av og lande, fordi dei er runde i kroppen og har korte venger.

Halla bur på øya Heimøy. Ho ser opp mot himmelen kvar dag. Mens ho står på ein fjellknaus med utsikt over sjøen og stirer utover, får ho auge på årets første lundefugl.

Ho kviskrar "Lundi" for seg sjølv. Det er det islandske namnet på lundefugl.

Snart svermar dei over heile himmelen – det er lundefuglar overalt. Dei vender tilbake frå vinteren på sjøen. No kjem dei til Hallas øy og til dei folkelause øyane i nærleiken for å leggje egg og ale opp lundefuglungar. "Sjøpapegøyane" finn tilbake til dei same hølene år etter år. Det er den eineaste tida på året dei går i land.

Halla og vennene hennar klatrar oppover klippene for å sjå på fuglane. Dei ser par som slår nebba sine mot kvarandre. Kvart par dei kan sjå, vil snart ruge på eit egg djupt inne i hølene.





Når egga til lundefuglane er klekte ut, vil foreldra fange fisk for å fø opp ungene. Kvant lite nøste vil bli til ein liten lundefuglunge. Lundefuglnettene begynner når ungene tek sin første flygetur.

Sjølv om det er mange, lange veker til lundefuglnettene begynner, har Halla allereie begynt å tenkje på å gjere ferdig kartongane.

Heile sommaren fiskar dei vaksne lundefuglane og passar på sine små. I august er hòlene dekte av eit blometeppa. Når blomane står i fullt flor, veit Halla at ventinga på lundefuglnettene er over.

Dei fugleungane som har vore godt gøymde til no, har vakse og er blitt til unge fuglar. No er det på tide for Halla og vennene hennar å få kartongane og lommelyktene klare til lundefuglnettene. Desse nettene begynner no, og i dei neste to vekene vil dei unge fuglane dra ut for å halde seg på havet om vinteren. I svarte natta forlèt dei unge hòlene for å ta sin første flygetur. Det er ein kort, vengeflaksande tur ned frå dei høge klippene. Dei fleste landar trygt med eit plask i sjøen. Men somme blir forvirra av lysa frå byen i nærleiken – kanskje trur dei at lysa er månestrålar som speglar seg i vatnet. Hundrevis av unge lundefuglar kræsjar i den vesle byen. Dei greier ikkje å lette frå flat mark. Derfor spring dei rundt og prøver å gøyme seg.

Halla og vennene hennar leiter kvar natt etter fuglar som ikkje greier å komme seg vidare til vatnet. Kattene og hundane i den vesle byen leiter også. Sjølv om kattene og hundane ikkje klarer å ta dei, kan fuglane bli overkøyrde av bilar eller lastebilar.

Barna må derfor vere dei første som finn dei villfarne fuglane. Når klokka er ti, er gatene i Heimøy fulle av barn som streifar omkring.

Halla og vennene hennar hastar av garde for å redde dei unge lundefuglane. Utstyrte med lommelykter og kartongar vandrar dei gjennom byen for å leite i mørke kroker. Halla får auge på ein



lundefugl. Ho kappspring etter fuglen, grip fatt i han og plasserer han trygt i ein kartong.

I to veker søv alle barna i Heimøy til langt på dag, slik at dei kan vere oppe til seine kvelden. Dei reddar tusenvis av unge lundefuglar.

Kvar kveld tek Halla og vennene hennar med seg heim dei fuglane dei har redda. Neste dag går dei ned på stranda med kartongane fulle av fuglar. No skal fugleungane sleppast fri. Halla slepper først ein av fuglane. Ho lyfter han opp slik at han kan øve seg i å bruke vengene. Ho held fuglen godt fast, og så svingar ho han opp i lufta og kastar han ut over vatnet. Dei unge fuglane flaksar berre ein kort strekning før dei landar trygt med eit plask.

Dag etter dag padlar dei unge lundefuglane av garde heilt til lundefuglnettene er over for dette året. Halla ser den siste unge fuglen og dei vaksne fuglane dra for å halde seg på sjøen om vinteren. Da seier ho på gjensyn til neste vår. Ho ønskjer dei god tur og roper "farvel, farvel."



Tatt fra *Lundefuglnettene* av Bruce McMillan. © 1995 av Bruce McMillan. Trykket med tillatelse fra Houghton Mifflin Company. Alle rettigheter

Spørsmål Lundefuglnettene

1 Kvifor kjem lundefuglane til øya?

- A for å bli redda
- B for å leite etter mat
- C for å leggje egg
- D for å lære å fly

2 Korleis veit Halla at fugleungane skal til å fly?

- A Foreldra kjem med fisk til dei små lundefuglane.
- B Blomane står i fullt flor.
- C Dei bittesmå fuglane er gøymde bort.
- D Sommaren har nettopp begynt.


3 Kva skjer under lundefuglnettene?

- A Lundefuglpara slår nebba sine mot kvarandre.
- B Dei unge lundefuglane tek sin første flygetur.
- C Lundefuglegga blir klekte ut.
- D Dei unge lundefuglane kjem inn til kysten frå sjøen.

4 Kva for ein av desse er ein fare for dei unge lundefuglane, ifølgje artikkelen?

- A drukne idet dei landar på sjøen
- B forsvinne i hòlene
- C ikkje få nok fisk av foreldra
- D bli overkøyrde av bilar og lastebilar

5 Kvifor må det vere dagslys når barna slepper dei unge fuglane? Bruk informasjon frå artikkelen til å forklare.



Schweigaards gate 15 B
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
www.utdanningsdirektoratet.no